



KINN KOMMUNE

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 29. Januar 2021
STAD: Måløy, Rådhuset: Formannskapsalen

TID: Kl. 10:15 – 14.20

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet: Kjell Heggen leiar
 Bjørn Hollevik nestleiar
 Aud Norunn Vig medlem
 Helen Hjertaas medlem

Vara: Nils Myklebust for Tom Andre Hopland

Vest kontroll: Jostein Støylen dagleg leiar
 Jorunn Sandal spesialrådgjevar

Vestland Revisjon: Charles Litsheim forvaltningsrevisor, med på telefon i sak 08/21

Kinn kommune: Terje Heggheim kommunedirektør i sakene 1, 4, 9
 Oa Teigen ordfører, med på telefon frå kl. 10.15 til kl 11.00
 I sakene 1, 4, deler av 9
 Linda Myhre Larsen stabsleiar informasjon og service i deler av sak
 10/20

Andre:

Forfall: Tom Andre Hopland

Møtet var leia av: Kjell Heggen

SAKLISTE

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 04/20 REKNESKAP, ÅRSMELDING 2019 OG SLUTTRAPPORT FELLESNEMNDA KINN KOMMUNE
- SAK 05/20 ÅRSMELDING 2020 FOR KONTROLLUTVALET I KINN KOMMUNE
- SAK 06/20 MØTEPLAN FOR 2021
- SAK 07/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 08/20 BESTILLING AV PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
- SAK 09/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – OPPFØLGING AV SAKER
- SAK 10/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/21	033	15.01.2021	29.01.2021	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

- Innkalling og sakliste vert godkjent.
Behandlingsrekkefølga sak 1, 4, 9, 8, deretter 2, 3, 5, 6, 7 og 10. Leiar får høve til fråvike for å tilpasse orienteringar frå administrasjonen.
- Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Bjørn Hollevik.

I møtet

Ordførar Ola Teigen hadde ynskje om at ein i framtida bør få til fjernmøte for utvalet. Kommunedirektøren og dagleg leiar i Vest kontroll vil ta seg av dette.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/21	049	15.01.2021	29.01.2021	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 08.12.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 08.12.2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/21	033&17	22.01.2021	29.01.2021	JS&KS

SKRIV OG MELDINGAR

Samrøystes vedtak

- Kontrollutvalet viser til vedlegg 2 og ber kommunedirektøren om orientering på neste møte vedkomande forståing av reglane for momskompensasjon for symjeanlegg spesielt relatert til symjeanlegget i Måløy.
- Kontrollutvalet viser til vedlegg 3 og ber kommunedirektøren om tilbakemelding/orientering på status i «konesjonssaka» og rutinar for tilbakemelding når det gjeld innsynskrav.
- Kontrollutvalet viser til sak 9 når det gjeld brannrapportar.
- Kontrollutvalet tek meldingane elles til vitende.

I møtet

Utvalet viser til vedlegg 2 momskompensasjon for symjeanlegg og ber kommunedirektøren orientere på neste møte om forståing av føresegnene og om mulighetene vedkomande symjeanlegg i Måløy.

Vedlegg 3. Klage

«Saka» er to delt:

Innsynskrav er ikkje følgt opp eller følgt opp for seint.

Kontrollutvalet vil be kommunedirektøren orientere om saka og generelt om administrative rutinar kring innsynskrav.

Er konsesjonsvilkåra følgt opp - halde?

Vedlegg 8 Brannrapportar

Når det gjeld vedlegg 8 vert det teke opp under sak 9.

Vedlegg

1. Vurdering av uavhengigheit Kinn kommune 2021, av 15.01.2021.
2. Frå bladet kommunal økonomi januar 2021. «Merverdiavgift: Etterlengtet avklaring for svømmeanlegg».
3. E-post, av 8. januar 2021. «Klage på Kinn kommune i følgje offentleglova».
4. Utskrift frå kommunestyret sin protokoll, av 17.12.2020. Sak 170/20 Kontrollutvalet: plan for eigarskapskontroll.
5. Utskrift frå kommunestyret sin protokoll, av 17.12.2020. Sak 189/20 Kontrollutvalet: plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap.
6. Tilbakemelding vedkomande kontrollutvalssak 79/20, der Kontrollutvalet bad om å få brannrapportane frå brannane i Torvmyra og Lyngvegen. Motteken 21.01.2021.
7. Rapport om Vernetenesta i Kinn kommune. Frå verneomboda. Motteken 20.01.2021.
8. Tilbakemelding vedkomande kontrollutvalssak 79/20. Dokument motteke 22.02.2021 frå Teknisk sjef og Brannsjef.

Saksopplysningar

Viser til vedlegga.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/21	212	20.01.2021/28.01.21	29.01.2021	JS / JSa

REKNESKAP, ÅRSMELDING 2019 OG SLUTTRAPPORT FELLESNEMNDA KINN KOMMUNE

Samrøystes uttale

Kontrollutvalet viser til informasjonen som kjem fram i:

- denne saksutgreiinga
- revisor sin uttale av 11.05.2020
- dokument frå Kommunedirektøren

og meiner at dette samla gir eit bilete av rekneskapen for Fellesnemnda i perioden 2017 – 2019, som kan godkjennast.

Vedlegg

1. Taloppstilling motteke frå kommunedirektøren 04.12.2020.
2. Alternativt oppsett frå kommunedirektøren 04.12.2020.
3. Stadfesting frå revisor datert 07.12.20 vedk. filer motteke frå kommunedirektøren 04.12.2020.
4. Informasjon frå revisor 11.05.2020.
5. Revisjonsmelding frå Vestland Revisjon datert 11.05.2020.
6. Sluttrapport og årsrapport 2019 Fellesnemnda.
7. Spesifisert saldoliste for prosjektperioden 2017-2019 motteke 11.05.2020.
8. Saksframlegg og vedtak i sak 54/20 i Kinn Kontrollutval 03.06.2020.

Saksopplysningar:

Saksbehandlinga

- Sak om Fellesnemnda sin rekneskap var oppe i Kontrollutvalget 3. juni, jamfør sak 54/20. Der var det slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet meiner at rekneskapsoppstillinga for Fellesnemnda i Kinn kommune er vanskeleg å forstå. Kontrollutvalet oppmodar kommunedirektøren om å utarbeide eit hovudsamandrag av rekneskapsoppstillinga og anna relevant informasjon som kan gi betre informasjon til det politiske miljøet i Kinn kommune.

Når slikt hovudsamandrag er utarbeida vert saka å handsame ferdig i Kontrollutvalet.

- Saka blei sendt tilbake til kommunedirektøren som kom med tilbakemelding i vedlegg 1 og 2, svært tett innpå utvalet sitt møte 08.12.2020.
- Saka blei utsett på møtet 8.12.2020.

Lovverk som gjeld

- Inndelingslova
- Tidlegare kommunelov, då dette er ein rekneskap pr.31.12.2019
- Forskrift om budsjett og forskrift om årsrekneskap og årsmelding til tidlegare kommunelov

Generelt om rekneskapsrapportering

- Ein driftsrekneskap skal vise:
 - kva for midlar ein har hatt til disposisjon dvs. inntekter/tilskot
 - kva midlane er brukte til, dvs. kostnader
 - jamfør § 4 og 7 i forskrift for årsrekneskap og årsmelding
- I økonomisk rapportering skal informasjon som er vesentlig for å vurdere økonomien gå klart fram, jamfør forskrift om årsrekneskap og årsmelding §12 punkt 4.
- Rekneskap er viktig økonomisk informasjon til innbyggjarar, politikarar, tilsette og andre. Det er derfor viktig at den blir presentert på ein forståeleg måte.
- Oversikt/samanstillingar og heilhet er viktig.

Statstilskot til samanslåings- og etableringsprosessen

Samla tilskot frå staten til Fellesnemnda og Kinn Kommune til førebuing og gjennomføring 2017-2020 i samband med kommunesamanslåinga:

Statstilskot	
Eingongskostnader	20,5 mil
Reformstøtte	20,5 mil *
Infrastrukturtilskot	4,0 mil
Skjønsmidlar	0,5 mil
Tilskot nærdemokrati	0,1 mil
Sum	45,6 mil

*20,5 mill. i reformstøtte som er tiltenkt den nye kommunen og utbetalt i 2020. Resten er utbetalt i forebuingsfasen i 2017-2019.

Rekneskap/økonomisk informasjon

- Vedlegg 1, 2 og 7 er presenterte på detaljert nivå. I vedlegg 1 og 2 er ikkje inntektene/tilskota med. Dermed kjem heller ikkje restmidlar, dvs. overskot/underskot, fram. Vedlegg 7 inneheld kolonnar for saldo på konti og budsjett for kvart år og totalt for heile perioden. Heller ikkje der kjem restmidlar/over/underskotet fram, og gir eit lite oversiktleg bilete. Dersom Fellesnemnda sin rekneskap vart sett opp i samsvar med prinsippa for rekneskapsrapportering i kommunal sektor, ville den gi meir forståeleg informasjon.
- Rekneskapsinformasjonen burde såleis innehalde overordna rekneskaps- og budsjettkommentarar og note om kva føresetnadar rekneskapen byggjer på, jamfør rekneskapen til kommunane og forskrifta om årsrekneskap og årsmelding § 7.
- Sluttrapporten inneheld note 1-11. Dette er i hovudsak informasjon om budsjettavvik og ikkje notar i rekneskapsmessig forstand. Desse budsjett-/rekneskapskommentarane inneheld nyttig informasjon og forklarar ein del, men manglar namn og beløp på avvika.
- Restmidlar pr. 31.12.2019 er iflg. revisjonsuttalen kr. 0.
- For å få fram meir oversiktleg økonomisk har vi laga ei resultatoppstilling på overordna nivå basert på den informasjonen vi har funne i dei ulike vedlegga, saksdokument, brev og anna informasjon.

Driftsrekneskap/resultatoppstilling Fellesnemnda

Oppsettet tek utgangspunkt i vedlegg 1 til forskrift for årsrekneskap og årsmelding; Rekneskapsskjema 1A – Driftsrekneskap.

Sidan Fellesnemnda er ført som ein prosjektrekneskap i Flora Kommune kan Rekneskapsskjema 1A brukast bare så langt det er muleg.

Beløpa i kolonnane for rekneskap og justert budsjett er henta frå sum linjer i vedlegg 1 til denne saksutgreiinga.

	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik
	Heile perioden	Heile perioden	
Tal i heile 1000			
Driftsinntekter			
Eingongstilskot frå staten	21 000a	21 000	
Driftskostnader			
Lønn og sos.kost	10 151	11 557	
Forbruk drift	5 870	5 909	
Kurs, reiser	1 682	1 279	
Husleige, lissensar m.m.	924	767	
Anskaffelsar, konsulattener	4 245	7 930	
Kjøp av tenester frå:			
Kommunane og private	7 764	5 442	
Mva.kompensasjon og tilskot	4 409	3 102	
Finansutgifter inkl.	31	-119	
Refusjonar	<u>-1 675</u>	<u>-893</u>	
Sum rapporterte driftskostn.	33 401	34 974	1 573
Driftsresultat	-12 401b	-13 974	1 573
Inntektsføring av reformmidlar for 2020. Vedtak i kommune-/by-styra i Vågsøy og Flora	13 517*,a, b	10 500c	3 000
Restmidlar(overskot/underskot) etter inntektsføring av deler av reformstøtta for 2020	1 116	-3 474	4 590
Overføring til bunde fond iflg revisor. Jamfør § 9 i Forskrift for årsrekneskap og årsmelding	-1 116		

*) I sin uttale har revisor informert om at det er inntektsført og brukt ca. kr 13,5 mill. som er utbetalt til Kinn i 2020. Beløpet kjem ikkje direkte fram i dei detaljerte taloppstillingane som vi har motteke og er ikkje omtala i sluttrapporten.

- a) Informasjonen er henta frå konto 18001 og 18101 tilskot frå staten i vedlegg 7 og frå revisjonsuttalen.
- b) Kommunalsjef Sund har ikkje gitt oss tilbakemelding på kvifor det er inntektsført kr 13,5 mill. og ikkje 12,4 mill.
- c) ½-parten av reformmidlane utbetalt til Kinn Kommune i 2020, jamfør sakspapira til kommunestyra i desember 2018. Konkret beløp ikkje nemnd

Oversikta viser at det er rimeleg god samsvar mellom rekneskap og budsjett. Det er likevel budsjettert og brukt 12,4/13,5 mill. meir enn dei midlane ein i utgangspunktet hadde til rådighet i perioden 2017-2019.

Reformstøttemidlar er frå staten si side meint som startkapital for den nye kommunen og vart først utbetalt i 2020. 13,5 mill. av 20,5 mill. i reformstøtte er dermed både inntektsførte og brukte før det opphavelig var tenkt. Kommunal- og moderniserings-departementet har i ettertid akseptert at kommunar som forventa å bruke opp alle 2017-2019-midlane kan bruke av 2020-midlane.

Det opprinnelege budsjettet for 2019 var ca. 28,5 mill., jamfør sak 09/19 i Fellesnemnda. Prognosen som var lagt fram i møtet 4.9.19 var på ca. 28,8 mill.

Fellesnemnda sin rekneskap manglar godskriving av kr 844 000 i momskompensasjon for 2018. Beløpet er godskrive Flora kommune sin rekneskap for 2019. Det økonomiske resultatet til Fellesnemnda er derfor 844 000 betre enn oppstillinga ovanfor viser, dvs. $-12,4 + 0,8 = -11,6$. Flora Kommune sin rekneskap er i realiteten kr. 844 000 svakare enn det rekneskapen for 2019 viser.

Vi har spurt kommunalsjef Sund om m.a. følgande:

- finst det balansepostar knytt til rekneskapen? Og kva er motpostane?
- kvifor er beløpet som er inntektsført av 2020-midlar kr 13,5 mill.? jamfør oppstillinga ovanfor og revisjonsmeldinga.
- dersom det er rett at det etter innteksføring av 13,5 mill blir eit overskot på 1,116 kr, sjå ovanfor, kva er motposten?
- Tilbakemelding er ikkje motteke.

Revisjonsmeldinga

Vi viser til revisjonsmeldinga som ligg som vedlegg 5. Den inneheld m.a. informasjon om:

- inntektsføring og bruk av kr.13,5 mill. i statstilskotet som er utbetalt til den nye kommunen i 2020
- restmidlar av avsetningar til samanslåingsprosjektet pr. 31.12.2019 er kr 0.
- to presiseringar om:
 - momskompensasjon ca. kr 844 000 godskrive i feil rekneskap
 - siste tildeling av midlar, kr 300 000, til Nye Kinn Fellesråd (kyrkjeleg fellesråd) er ikkje effektuert pr. 31.12.2019

Dessutan

Leiinga i Kinn kommune uttrykkjer i sluttrapporten, i vedlegg 6, at informasjon om samanslåinga er viktig. For å få betre fram overordna informasjon kunne talmaterialet og sluttrapporten i større grad innehalde vesentleg informasjon og vere meir oversiktleg presentert.

Rapportar frå dei politiske arbeidsgruppene bør følgje saka når kommunedirektøren legg den fram for formannskapet og kommunestyret til endeleg godkjenning.

Avslutning

Revisjonsmeldinga inneheld informasjon om bruk av midlar i 2019 som frå staten si side var tiltenkt etter etablering av den nye kommunen. Dessutan inneheld den to presiseringar.

Det burde gå tydelegare fram av dei mottekne taloppstillingane at Fellesnemnda i 2019 har brukt ca. 13,5 mill. av Kinn kommune sine reformstøttemidlar på 20,5 mill. som er utbetalte frå staten i 2020. Fellesnemnda sin bruk av desse midlane krevde særskilde vedtak i kommunestyra i tidlegare Flora og Vågsøy. Det burde gå fram av rekneskapen og/eller sluttrapporten. Det er berre i revisjonsmeldinga denne informasjonen kjem tydeleg fram. Kommunaldepartementet har opna for bruk av midlane i 2019.

Kompensasjon for meirverdiavgift på kr 844.000 er ikkje korrekt handtert i rekneskapen i 2018 eller 2019. Flora Kommune har i 2019 fått godskrive beløpet som skulle ha vore i godskrive i Fellesnemnda sin rekneskap i 2018.

Vi viser elles til vår oppstillinga i denne saka.

Kommunedirektøren har fått høve til å gi tilbakemelding på vår sakutgreiing til møtet den 08.12.2020, før saka vert lagt fram for kontrollutvalet på nytt 29.01.2021. Han har informert om at han ikkje har noko å tilføye. Vi føreset då at det ikkje kjem fram vesentlege nye opplysningar som ikkje Kontrollutvalet har fått, når han legg saka fram for formannskapet og kommunestyret.

Vi gjer merksam på at det i denne saksutgreiinga er endringar i høve den som låg føre til møtet 08.12.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/21	033	22.01.2021	29.01.2021	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I KINN 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/21	033	18.01.2021	29.01.2021	JS

MØTEPLAN FOR 2021

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtek forslaget til møteplan for 2021, med møte på flg. dagar:
29.01 – 07.04. – 04.05 – 27.05 - 22.09 – 04.11 – 02.12.

Vedlegg

Forslag til møteplan for kontrollutvalet
Oversikt over møter i regi av Vest kontroll

Saksopplysningar

For Kinn kontrollutval er det sett opp sju møte i 2021. Møta kan takast vekk om det ikkje er behov. Det har vist seg at det er lettare å avlyse eit møte enn å finne ny dag til eit møte. Dersom det skulle vere behov eller oppstå spesielle situasjonar må ein seinare endre møtedato eller finne plass til nye møte.

Vi tek ein gjennomgang i møte og gjer eventuelle justeringar.

Vidare gjer ein merksam på at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunerekneskapen. Dette må skje i møtet den 27.05. som er tilpassa formannskapsmøtet den 08.06. og kommunestyret 15.06. si behandling av kommunerekneskapen. Vi har hatt samtale med revisor og økonomisjef om denne tilpassinga.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/21	033	18.01.2021	29.01.2021	KS/JS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2021 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2021. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/21	217	19.01.2021	29.01.2021	JS

BESTILLING AV PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO leggje fram prosjektplan for forvaltningsprosjektet Arbeidssituasjonen innan pleie og omsorg, basert på innspel i dagen sitt møte og Kristiansand-rapporten.

Planen må ligge føre innan 28.02.2021.

I møtet

Skriv frå Verneomboda må leggjast ved bestillinga til revisjonen. Jf. Vedlegg 7 under sak 3/20 Skriv og meldingar.

Kristiansand-rapporten skal vere utgangspunkt for prosjektplanen. Sjå under sakaopplysningar.

Under forhandlingane i saka kan vi trekke fram flg. stikkord:

- Korleis vert avvik følgt opp og opplæring av avviksregistrering
- Oppfølging av sjukmelde
- Korleis få ned sjukefråværet
- Verneomboda må trekkast inn i prosjektet
- Alle tilsette må få opplæring i å melde avvik
- Bruk av ny teknologi
- Kompetaseheving innan leiing

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak i sak 189/20 den 17.12.2020 for Plan for forvaltningsrevisjon.

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde i sak 189/20 vedtak i Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap som vart lagt fram av kontrollutvalet.

Som første prosjekt for utføring våren 2021 vart vedteke:
Arbeidssituasjonen innan pleie- og omsorg.

I møtet skal kontrollutvalet, i samarbeid med revisjonen og gjerne også ordførar og kommunedirektør kome med viktige moment for å få fram problemstillingane slik at revisjonen til neste møte får utarbeida prosjektplan.

I overordna analyse som revisjonen utarbeida som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon kan flg. nemnast:

- Institusjons tenestene Pleie- og bemanningsfaktoren er under vurdering i kombinasjon med forventningar frå brukarar og pårørande til kvalitet og innhald i tenestene ytt i institusjonane
Konsekvensar for budsjettering og budsjett disiplin sjukefråvær, rekruttering av kvalifisert. personell, oppfatningar av kvaliteten på tenestene ute i befolkninga.
Kinn kommune bruker noko som dei kallar Prinsipp og kriterier for tildeling av tenester. Denne er for tida ute på høyring.
- Heimetenesta Bemanningsfaktoren målt mot dei oppgåvene som skal gjerast og brukaroppfatning av ytt teneste. Sjå ovanfor.

For å skaffe fram meir informasjon til diskusjonen kan flg. informasjon frå tidlegare utførte forvaltningsrevisjonar på området vere nyttige:

Hvordan har utviklingen i sykefraværet vært de senere årene i Kristiansand kommune? 2) I hvilken grad oppfyller kommunen sin plikt til systematisk forebygging av sykefravær? 3) I hvilken grad oppfyller kommunen sin plikt til systematisk oppfølging av sykefravær? 4) I hvilken grad arbeider kommunen med sykefravær basert på nyere forskning og studier på området?

Har enhetene rutiner som legger til rette for at ansatte melder avvik og opplever de ansatte at innmeldte avvik følges opp? Opplever ansatte og ledere i enhetene at det er rom for å ytre seg om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen?

Hvordan er personalressursene for pleie og omsorg i Gjerstad kommune organisert? Og har man i dette arbeidet tatt tilstrekkelig hensyn til arbeidsmiljø og sykefravær? I hvilken grad drives tjenestene på en helhetlig måte, med effektivt samspill og gode ordninger mellom hjemmebaserte og institusjonsbaserte tjenester?

Hvordan beskrives kvaliteten på tjenestene? Og er medvirkning fra brukere og pårørende i tråd med kravene i lovverket?

Jobbes det systematisk med HMS ved Sandnes Ressurscenter i henhold til kravene i arbeidsmiljøloven? Og gjennomføres det tilfredsstillende risikovurderinger knyttet til de ansattes arbeidsforhold? Har Sandnes ressurscenter etablert tilfredsstillende rutiner for å avdekke, registrere, rapportere og håndtere avvik?

Har kommunen tilstrekkelig bemanning? Har kommunen tilstrekkelig kompetanse? Er fordelingen rimelig mellom de ulike bo- og behandlingssentrene?

Har kommunen ei tilfredsstillende organisering av pleie og omsorgstjenestene i forhold til å dekke behovene innenfor sektoren? 2. Er rutinene for økonomistyring gode nok? 3. Er budsjetteringa i samsvar med planlagt/forventa aktivitet? 4. Er kostnadsnivået i samsvar med det pasientgrunnlaget ein har, samanlikna med andre kommunar? 5. Er bruk av overtid/vikarbruk på eit normalt nivå? 6. Er sjukefråvære på eit normalt nivå?

Har kommunen tilstrekkelig med kompetanse og kapasitet til å gi et forsvarlig tilbud til personer med psykiske vansker eller lidelser? I hvilken grad har kommunen systemer og rutiner som sikrer helhetlige og godt koordinerte tjenester til personer med psykiske vansker eller lidelser? Er organiseringen av det psykiske helsearbeidet i kommunen hensiktsmessig med tanke på å sikre helhetlige og gode tjenester? I hvilken grad har kommunen fokus på forebygging av psykiske vansker eller lidelser? Sørger kommunen for at personer med psykiske lidelser som har behov for langvarige og koordinerte tjenester, får tilbud om utarbeidelse av individuell plan? Har kommunen systemer og rutiner som sikrer at pårørende og brukere får tilstrekkelig informasjon om tjenestetilbudet? Hvordan sikrer kommunen brukermedvirkning i forbindelse med psykisk helsearbeid? Har kommunen et tilfredsstillende tilbud om støttekontakt, fritidsassistanse og fritidsaktiviteter for personer med psykiske vansker eller lidelser? I hvilken grad er samarbeidet mellom kommunen og andre tjenesteytere innen helsevesenet tilfredsstillende når det gjelder tilbudet til mennesker med psykiske vansker eller lidelser? Har kommunen et internkontrollsystem som sikrer at tjenestene til personer med psykiske vansker eller lidelser er i samsvar med krav i regelverket?

Overholder kommunen på sektor for helse og velferd interne målsetninger for sykefravær pr. avdeling (egenmeldt og legemeldt), og kategoriseres sykefraværet? Samsvarer konkrete tiltak og virkemidler kommunen har iverksatt på sektor for helse og velferd for å forebygge og redusere sykefraværet, med statlige føringer (herunder IA-avtalen)? Er det laget konkrete rutiner og planverk for å forebygge og følge opp sykefraværet, og hvordan følges disse opp i sektor for helse og velferd? Blir det gjennomført systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i sektor for helse og velferd, jf. krav i lovverk og statlige føringer? Kan det dokumenteres at det gjennomføres medarbeidersamtaler.

Hvilke faktorer synes å medvirke til sykefravær blant de ansatte? 2. Hvordan opplever de ansatte det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsplassen? 3. Oppfyller Balsfjord kommune plikten til systematisk arbeid med forebygging og oppfølging for å redusere sykefraværet blant ansatte i de her aktuelle tjenestene? 4. Har Balsfjord kommune et system som er egnet for registrering, oppfølging og forebygging av avvik på området for arbeidsmiljø, skader og sykefravær?

Med den viktigheit og kostnad ein forvaltningsrevisjon har vonar vi å få fram dei viktigaste problemstillingane for eit godt forvaltningsprosjekt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/21	030&18	19.01.2021	29.01.2021	JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – OPPFØLGING AV SAKER

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitende og ser kontrollutvalssakene 16/20, 17/20 og 107/20 for oppfølgde og vert å avkvittere på Oppfølgingslista til neste møte.

I møtet

Kommunedirektør Terje Heggheim orienterte bla. ved skriftleg materiale som vart vist på møtet. Det skriftlege materialet følgjer saka vidare/blir lagt på saka på heimesida.

Stikkord frå orienteringa:

Saka om søknaden frå Ocean Hyway Cluster har falle mellom tidlegare Flora Kommune og Fellesnemnda. for Kinn Kommune som må gjennomføre vedtak.

Bistro 2 Kokker: Selskapet driv no spisested i Flora Samfunnshus utan konkurranse. Ein skal inn på ny avtale. Kommunedirektøren trekk konklusjon i februar. Kommunedirektøren vedgår at prosessen har teke for lang tid.

Grensejustering Bryggja: Former for oppgjer §19 og §21 i inndelingslova, sjå foiler frå orienteringa.

Fullmakter

Kommunedirektøren orienterte om sine fullmakter og om vidaredelegeringa. Blir lagt på heimesida på denne saka.

Kommunedirektøren utformar kvar år – i januar- oppdragsbrev til kommunalsjefane m.fl.

Brannrapportar

Sjå tilbakemeldinga frå tekniske sjef og brannsjef i sak 03/20 Skriv og meldingar, vedlegg 6 og 8. Kontrollutvalet hadde ønska at rapportane inneheld evaluering.

Kommunedirektøren vil ordne med at controllar kjem på neste møte for å orientere om avviksbehandling generelt, i dette inklusiv brannvern.

Vedlegg

E-postar frå 08.12.2020.

Saksopplysningar

Kommunedirektøren vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål som var teke opp i flg. saker og som ikkje fullt ut er utkvitterte:

Sak 16/20

- Vedkjem sjukepengereestansar frå NAV – status per dato.
- Leigeavtalen mellom Flora samfunnshus og Bistro To kokkar.

Begge desse sakene kjem frå restanseliste frå tidlegare Flora kommune frå 2019.

Sak 17/20

- Status for overgangen av Bryggja til Stad kommune.

Kjem frå restanseliste frå tidlegare Vågsøy kommune frå 2019.

Sak 107/20

Ocean Hyway Cluster

- Her kom kommunedirektøren med tilbakemelding til møtet den 08.12.2020.

Her er spørsmålet og svaret:

«Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå kommunedirektøren om bevilga, ikkje utbetalte midlar til Ocean Hyway Cluster som ikkje er med i budsjettet for 2020.

Svar:

I 2019 er det utbetalt kr 750.000, dette er frå Nye Kinn kommune (fellesnemnda) etter faktura frå Maritim Foreining SFJ. I revidert budsjett 2019 for Flora kommune er det sett av kr 750.00.

Det er ikkje motteke faktura på beløpet. Vi kan ikkje sjå at det er sett av midlar spesifikt til føremålet i 2020 og heller ikkje i 2021.»

Retten før møtestart den 08.12.2020 kom kontrollutvalsmedlem Bjørn Hollevik med nye e-postar (sjå vedlegg 2) til denne saka og den vart difor utsett til dette møtet. E-postane er formidla til kommunedirektøren.

Ein vonar at kommunedirektøren kan gi utvalet ei oppdatering i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/21	033	22.01.2021	29.01.2021	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå stabsleiar informasjon og service til vitende.

I møtet

Linda Myhre Larsen, stabsleiar informasjon og service møtte og orienterte vedkomande innkalling til kommunale møte.

- Fråværsgrunn er basert på tillit. Det har aldri vore praksis å spørje nærmare etter fråværsgrunn.
- Fråvær grunna jobb skal ikkje reknast som gyldig fråværsgrunn. Viktige gjeremål på jobb vert likevel akseptert (basert på tillit)
- Kommunen legg ikkje møte i dei mest vanlege ferietider. Praksis er at ferieavvikling utanom vert aksepterer.
- Dersom same person stadig melder forfall vert det rapportert til gruppeleiar.
- Ingen kan møte ved sjukdom. Ein forlangar ikkje legeattest, men må stole på politikarane
- Kontrollutvalet må følge kommunen sin vanlege rutinar for å kunne melde avbud til å møte.
- Det skal innførst eit eige meldingssystem for å handtere forfall til kommunalemøte, Kaukus. Dette skal også brukast for Kontrollutvalet. Sekretariatet skal få tilgang.
- Reiserekning og tapt arbeidsforteneste skal integrerast i same systemet.
- Grunnlag for møtgodtgjersle vert rapportert til kommunen frå kontrollutvalssekretariatet.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Det kom fram i siste møte i kontrollutvalet i sak 98/20 at utvalet seinare vil ta opp sak om handtering av forfall og innkalling av vara. Det må drøftast om det er nødvendig med eiga sak eller nok med munnleg avklaring i dette møtet.

Møtet slutt.

Kjell Heggen
Leiar

Bjørn Hollvik
Nestleiar

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret i Kinn som melding**
Vestland Revisjon KO
Kommunedirektøren til orientering
Ordføraren til orientering